Næringsliv

Jordbruksavtalen frå 2008 kan stoppe Nortura-framlegg om å kompensere bønder som vil slutte å produsere gris. – Det **juridiske grunnlaget** er uklart, seier forskar.

For mange: Det er for stor produksjon av svinekjøtt i Noreg i dag, og næringa drøftar kva tiltak som må setjast i verk.

* MARKNADSREGULERING

Uklart korleis tiltak for svine

Dei neste vekene skal jordbruket sine organisasjonar drøfte kva tiltak som må setjast i verk for å få bukt med overproduksjonen i svinenæringa. I fleire år har næringa slite med overproduksjon, og Nortura sine prognosar tyder på at det blir produsert 5100 tonn for mykje gris neste år.

Nortura føreslo i september at grisebønder som ynskjer å slutte eller leggje om drifta blir kompensert for det. I førre veke sette Landbruks- og matdepartementet foten ned for framlegget frå Nortura, og synte til at det ville vera brot på Jordbruksavtalen frå 2008.

Purker og slaktegris

Per Christian Rålm leier seksjonen for utgreiing ved Norsk institutt for landbruksøkonomisk forsking (NILF), og ekspert på marknadsregulering i jordbruket. Han seier jordbruksavtalen frå 2008 er uklar.

– Eg opplever teksten som uklar, og at han difor kan misforståast. Avtalen slår fast at det ikkje skal kunne drivast marknadsregulering for purkekjøtt, men det er jo slaktegrisen som er det sentrale. Det er framleis marknadsregulering for slaktegris. Spørsmålet er kva slags produksjonsregulering som då kan skje på slaktegris. Der er reduksjon eller slakt av purker det mest effektive tiltaket, seier Rålm.

– I tilfelle har då partane i jordbruksforhandlingane i realiteten tatt ut det mest effektive tiltaket for produksjonsregulering av slaktegris, utan å nemne slaktegris i proposisjonen. seier han.

Rålm seier at om denne tolkinga blir lagt til grunn, har Listhaug sitt på det tørre.

– Spørsmålet då er om alle er innforstått med tolkinga, og det i seg sjølv er uheldig. Marknadsreguleringa er ei ordning som er meint for bøndene, og blir betalt av bøndene. Når det blir omtala i jordbruksavtalen bør partane etterstreve å vera samde og tydelege. No ser dei ut til å vera uenige, seier Rålm.

FOR OG AV

«Marknadsreguleringa er ei ordning som er meint for bøndene, og blir betalt av bøndene.»

PER CHRISTIAN RÅLM
AVDELINGSDIREKTØR I NILF

Partane som forhandlar fram jordbruksavtalane er Bondelaget, Norsk bonde- og småbrukarlag og staten.

Burde vore tydelegare

Rålm seier at når reguleringane ikkje har gjennoppretta balanse i markedet, er situasjonen alvorleg for svinenæringa. Ansvaret for overproduksjon er lagt til næringa og Omsetningsrådet er forumet som skal gjera slike vurderingar. Når statsråden flagga standpunkt såpass sterkt før diskusjonen har vorte teken i Omsetningsrådet, blir næringa sitt ansvar skuvd utover sidelinja.

– Kva moglegheiter finst det til å regulere produksjonen?

Trur på kronehjelp for hotell

REISELIV. Dersom kronekursen held seg på dagens nivå, blir det kraftig vekst i turismen frå utlandet neste år, trur hotelleigar Edmund Harris Utne på Hotel Ullensvang i Hardanger.

– Det kan bety pluss sju-åtte prosent vekst frå viktige europeiske marknader, seier Utne til Dagens Næringsliv. Sommarstid er rundt 80 prosent av gjestene på hotellet frå utlandet.

Effekten av den svake krona materialisera seg i auka utanlandstrafikk til vinteren, ifølgje innovasjon Noreg. ©NPK

FOTO: MARIANN TVETE



Pizza-bygda kan få kake og lefse

MAT. Orkla ser på moglegheita for å flytte kake- og lefseproduksjonen frå Sørli i Lierne til pizzabygda Stranda i Møre og Romsdal. Det vil i så fall generere fleire titals arbeidsplassar.

– Eg kan bekrefte at vi er positive til å gå for ei slik løysing dersom Orkla går til det skritt og avviklar drifta i Lierne og Nord-Trøndelag. Samtidig har vi stor forståing for at det er trasig for Sørli dersom hjørnesteinsbedrifta og over 100 arbeidsplassar forsvinn, seier Hans Jostein Langelo til Sunnmørsposten. ©NPK



FOTO: SIRI JUELL RASMUSSEN



Mangel: Tine fekk kritikk for å ikkje ha klart å regulere smørmarknaden under smørmangelen i 2011. FOTO: MARIANN TVETE

Fakta

Marknadsregulering

* **Har heimel i** Omsetningsloven.
* **Gir Omsetningsrådet** rett til å avgjera reguleringstiltak.
* **Samvirka Nortura,** Tine og Norske felleskjøp har ansvaret for gjennomføringa av marknadsreguleringa.
* **Ordninga blir finansiert** ved at bøndene blir trekt eit fast beløp per kilo kjøtt eller mjølk.
* **Beløpet blir fastsett** av Omsetningsrådet.
* **Omsetningsrådet er sett** saman av representantar for styresmaktene, forbrukarane, faglaga, samvirkeorganisasjonane, industrien og handelen.

Grisepriskrisa

* **Dei siste åra** har det vore overproduksjon av svinekjøtt i Noreg.
* **Forbruket har svinekjøtt** har gått noko ned dei siste par åra.
* **Saman med ein** meir effektiv produksjon har det gitt stor overproduksjon.
* **Nortura anslår at** overproduksjonen i 2014 blir på 5100 tonn.
* **Nortura har føreslått** å kompensere bønder som vil slutte med gris.
* **Landbruksdepartementet har avvist** framlegget.

regulering kan tolkast

– Om ein ikkje kan regulere produksjonen gjennom reduksjon av talet på dyr, er det einaste produksjonsregulerande tiltaket å redusere vekta på slaktegrisen eller bygge opp lager. Lagra er fulle, og når Nortura som marknadsregulator berre slaktar om lag 65 prosent av all grisen i Noreg, skal det litt til at alle fylgjer opp vektgrenser. Det er enkel spelteori, seier Rålm.

Ifylgje forskar Ivar Pettersen ved NILF er det ein prinsipielt utfordrande situasjon om det syner seg at Landbruksdepartementet hindrar Omsetningsrådet i å føreta effektiv regulering av marknaden for svinekjøtt.

– Jordbruket ber sjølv kostnaden ved marknadsregulering og overproduksjon. Om det er ei overprøving av eit slik vedtak frå Omsetningsrådet vil det innsnevre landbruket sitt høve til å regulere. Det styrker argumenta for ei brei drøfting av marknadsreguleringa, seier han.

Gir stabil pris til bonden

Rålm seier marknadsreguleringa har bidrege til prisstabilitet for bonden, og også til ein viss grad i forsyningsmarknaden.

– Den prisstabiliteten som marknadsreguleringa har gitt trur eg har vore ein føresetnad for at norske bønder har akseptert lågare lønsemd. Hadde svingingar i prisen vore større, ville også risikoen vore større, og bøndene måtte ha auka kravet til lønsemd, seier Rålm.

Særleg etter smørmangelen i 2011 har debatten om alternative måtar å regulere marknaden på gått. Rålm vil ikkje peike på alternative modellar, men seier det trengst ein gjennomgang med alle ledda i verdikjeda om kva som er viktig for verdikjeda for mat i Noreg.

– Det er openbert motstridande interesser, noko anna ville vore unaturleg når det finst ein kjøpar og ein seljar. Samstundes er det også eit interessefellesskap, seier han.

HILDE LYSENGEN HAVRO
hilde.havro@nationen.no



Betalar sjølv: Forskar Ivar Pettersen ved NILF seier jordbruket ber sjølv kostnaden ved marknadsregulering og overproduksjon. FOTO: KETIL BLOM HAUGSTULEN

NILF lagar rapport for Virke

I slutten av november vil Norsk institutt for landbruksøkonomisk forsking presentere ein rapport om marknadsreguleringa.

Oppdragsgjevar for rapporten er Virke.

– Med bakgrunn i smørkrisa, kjøttkriser og mogleg mjølkekriser og det me har erfart, har me vore usikre på kor godt marknadsreguleringa verkar, seier direktør i Virke Handel, Thomas Angell.

Han avviser at det er eit forsøk frå Virke på å fjerne marknadsordninga.

– Me er ikkje mot marknadsregulering, og rapporten er ikkje eit opplegg for å fjerne ordninga. Me ynskjer å få drøfta og analysert ulike former for marknadsregulering, korleis ordninga verkar i dag, og om det trengst å skisserast alternative måtar å drive marknadsregulering på, eller om noko kan betrast i dag. Finst det til dømes alternativ som kan ta vare på landbrukspolitikken og andre relevante aktørar utan å medføre unødige reguleringskostnader, seier Angell.

Han seier Virke vil få fyrste gjennomgang av funna på styremøte om to veker, og at føremålet med rapporten er å bidra til debatten om mellom anna landbrukspolitikk.

Utgreiar ved NILF, Per Christian Rålm, leier arbeidet med rapporten. Han seier NILF har prata med eit breitt spekter av aktørar, mellom anna innkjøpssjefar i daglegvarehandelen, marknadsregulatorane, industrien, interesseorganisasjonar og bønder.

– Me har hatt kvalitative undersøkingar, drøfta marknadsreguleringa, prata med alle ledd i verdikjeda og snakka om fordelar og ulemper for kvart enkelt ledd og aktør, seier han.

Rapporten blir presentert i slutten av november.

FOR REGULERING

«Rapporten er ikkje eit opplegg for å fjerne ordninga.»

THOMAS ANGELL
DIREKTØR I VIRKE HANDEL